

Arkivsak: 2024/236-2

Arkiv: 140

Saksbehandlar: Anne Silje Berg

Dato: 17.09.2024

## Saksframlegg

---

| Saksnummer | Møtedato   | Utval         |
|------------|------------|---------------|
| 2024/68    | 24.09.2024 | Formannskapet |

### Høyring av kommunal planstrategi 2024-2027 med planprogram for kommuneplanens samfunnsdel

#### Vedlegg

- 1 Kommunal planstrategi Lom 2024-2027 med planprogram
- 2 Folkehelseoversikt Lom kommune 2024 versjon 2\_27.06.24

#### Innstilling frå kommunedirektøren

Formannskapet vedtek å leggje kommunal planstrategi 2024-2027 med planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel til høyring i minimum seks veker. Vedtaket blir gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 10-1.

#### Saksprotokoll i Formannskapet 24.09.2024:

##### Behandling

Saka vart drøfta.

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

##### Vedtak

Formannskapet vedtek å leggje kommunal planstrategi 2024-2027 med planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel til høyring i minimum seks veker. Vedtaket blir gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 10-1.

### **Saksutgreiing**

Utarbeidinga av den kommunale planstrategien er ei lovpålagd oppgåve som skal skje kvar valperiode. Planstrategien skal vere kommunen sin strategi for planarbeid, og er eit viktig politisk styringsverktøy. Planstrategien er bestemmande for kva planarbeid som skal prioriterast. Kva utviklingstrekk ser vi, og kva planbehov leier desse til? Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv, men syner kort sakt kva planverk kommunen treng for å møte utfordringar og moglegheiter i Lom.

Planstrategien som her blir lagt fram for handsaming har ein innleiande del med informasjon om krav til strategien og det kommunale plansystemet. Deretter blir utfordringsbildet for kommunen gått gjennom i hovudtrekk. Folkehelseoversikt utarbeidd i 2024 er lagt ved og dannar også ein del av grunnlaget. Denne skal stadfestast gjennom eit sjølvstendig vedtak ved vedtak av planstrategien med planprogram, men ligg altså ved her som ein del av kunnskapsgrunnlaget. Planstrategien blir avslutta med planoversikta som syner kva planverk kommunen har, med unntak av reguleringsplanar, og tidspunktet komunedirektøren vurderer at planane må gåast gjennom og reviderast.

Kommunedirektøren foreslår å gjennomføre ei revidering av kommuneplanens samfunnsdel i 2025. Det er vurdert som tenleg å leggje opp til mindre revideringar av kommuneplanens samfunnsdel med jamne mellomrom for å halde det overordna planverket oppdatert og for å halde det relevant, og sjølv om gjeldande plan er vedteke i 2022, planlegg ein difor denne gjennomgangen i 2025. Difor varslar ein saman med planstrategien også oppstart av ei revidering av samfunnsdelen, med eit kort planprogram. Hovudtemaene i revideringa er foreslått som følger:

- a) Innarbeide mål frå overordna planar jamfør planoversikta.
- b) Digital transformasjon. Korleis kan kommunen levere tenester på nye måtar ved bruk av teknologi.
- c) Demografisk utvikling og folkehelse. Den demografiske utviklinga vil utfordre berekrafta i den kommunale tenesteproduksjonen. Korleis skal kommunen jobbe aktivt med folkehelse inkludert aukande utanforskap.
- d) Beredskap. Korleis skal kommunen arbeide godt med beredskap for å sikre tenesteleveranse til innbyggjarane i krisesituasjonar.
- e) Klima- og miljø. Korleis skal kommunen arbeide med klimatilpassing og redusere klimautslepp og naturtap.

### **Vurdering**

Hensikta med denne planstrategien er å prioritere planoppgåver og sikre politisk styring med planlegginga, slik at den blir tilpassa behovet og ikkje blir meir omfattande enn naudsynt. Det blir også teke stilling til revidering av kommunen sitt overordna planverk, med revidering av kommuneplanens samfunnsdel som høgt prioritert.

Kva situasjon og utvikling kommunen er i påverkar prioriteringar og ressursbruk. Derfor er det komunedirektøren si vurdering at planleggingsarbeidet bør baserast på realisme, altså planlegging

ut frå kjend situasjon og framskrivingar, og med eit kritisk blick på kva planar kommunen faktisk treng. Planarbeid i seg sjølv er ressurskrevjande. Samtidig har vi både regionale og statlege regelverk og andre føringar som kommunen må arbeide etter.

Kommunedirektøren foreslår å fortsette arbeidet med å redusere kommunen sitt planverk og implementere mål frå planar inn i kommuneplanens samfunnsdel, slik som vart påbegynt da kommuneplanen vart vedteke i 2022. Ein meiner dette gjev eit meir oversiktleg planverk og sikrar jamnare revideringar. Ikkje alle planar kan leggest inn i samfunnsdelen på denne måten, men det blir gjort sjølvstendige vurderingar av kvar plan med tanke på dette.

Temaene for revidering av kommuneplanen er vald ut ut frå kva kommunedirektøren vurderer som særskild relevant for kommunen dei næraste åra.